

Hordaland fylkeskommune
Møre og Romsdal fylkeskommune
Rogaland fylkeskommune

Regionreforma – førespurnad frå Sogn og Fjordane fylkeskommune

Med bakgrunn i Stortinget si handsaming av St.meld. 14 (2014-15) «Kommunereforma – nye oppgåver til større kommunar» vart fylkeskommunane 02.07.2015 inviterte til å innleie prosessar for å avklare om det er aktuelt å slå seg saman med eitt eller fleire nabofylke. Kommunal- og moderniseringsdepartementet understreka i invitasjonen at fleirtalet i Kommunal- og forvaltningskomiteen støttar regjeringsframlegget om at det regionale folkevalde nivået skal utviklast gjennom oppgåver som både styrkar rolla som samfunnsutviklar og tenesteproducent. Komiteen støttar også framlegget om at nye oppgåver føreset færre fylkeskommunar/regionar av ein viss storleik. Det vart i invitasjonen vidare presisert at målet er å sikre ei heilskapleg samfunnsutvikling, samt at innbyggjarane i heile landet skal ha likeverdige tenester.

Fylkestinget i Sogn og Fjordane handsama 09.12.2015 ei eiga sak om regionreforma og den framtidige oppgave- og rollefordelinga mellom forvaltningsnivåa. Fylkestinget gjorde i FT-sak 65/15 «Regionreforma» følgjande vedtak:

1. Fylkestinget i Sogn og Fjordane ønskjer at dei fire vestlandsfylka Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal greier ut ein handlekraftig, folkevald landsdelsregion på Vestlandet.
2. Eit slikt arbeid bør vere ferdigstilt så tidleg i 2016 at eventuelle vedtak om fylkessamanslåingar vert gjorde i fylkestinga seinast hausten 2016.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune set som vilkår for å vere med på ei landsdelsløysing at Stortinget gjennomfører ei regionreform der det regionale folkevalde nivået får eit tungt ansvar for oppgåver som er både utviklingsorienterte og innretta mot tenesteyting overfor eit stort tal innbyggjarar.
4. Fylkestinget meiner alternativet til ein landsdelsregion på Vestlandet er at dagens fylkeskommunar får ein styrkt regionalpolitisk posisjon som samfunnsutviklar og tenesteleverandør.
5. Dersom ein folkevald landsdelsregion på Vestlandet ikkje kan realiserast, går fylkestinget inn for at vi gjennom kommune- og regionreforma vidareutviklar, styrkar og effektiviserer Sogn og Fjordane fylkeskommune innanfor dagens norske forvaltningsmodell.

Fylkestinget i Sogn og Fjordane understrekar at ein føresetnad for å gå vidare med planane om å etablere ein større folkevald landsdelsregion, er at det regionale nivået gjennom regionreforma får overført eit tungt ansvar for oppgåver som er både utviklingsorienterte og innretta mot tenesteyting overfor innbyggjarane.

Fylkeskommunane vart i brevet frå KMD oppmoda om å gjere vedtak om strukturendringar seinast hausten 2016. Tida er såleis ein kritisk faktor dersom vi skal ha ambisjonar om å følgje regjeringa sitt reformopplegg.

Fylkesordføraren i Sogn og Fjordane ønskjer på bakgrunn av fylkestinget sitt vedtak ei tilbake-melding frå fylkesordførarane i Hordaland, Møre og Romsdal og Rogaland på følgjande tre spørsmål:

1. Ønskjer Hordaland, Rogaland og Møre og Romsdal fylkeskommunar å delta i ei felles utgreiing saman med Sogn og Fjordane fylkeskommune, der vi ser nærare på mulegheiter og avgrensingar knytt til ei etablering av ein handlekraftig, folkevald landsdelsregion?
2. Har de synspunkt eller merknader til vedtakspunkt 2. og 3. i FT-vedtaket frå Sogn og Fjordane?
3. I kva grad inngår dykkar fylkeskommune i ein eller fleire andre aktuelle prosessar der samanslåing er tema?

Kommunal- og moderniseringsdepartementet vil gje støtte til fylkeskommunar som gjer forpliktande vedtak om å greie ut ei samanslåing, og vil vidare gje kompensasjon for nødvendige eingongskostnader som følgje av samanslåinga. Vi må i starten av eit ev. utgreiingsarbeid drøfte desse elementa. Særleg grad av forplikting i høve utgreiingsarbeidet bør avklarast nærare.

Fylkestinget i Sogn og Fjordane vil – avhengig av den respons vi her får – kunne få seg førelagt ei eiga sak i april 2016 om status og vegen vidare for regionreforma.

Med helsing

Jenny Følling
Fylkesordførar

Tore Eriksen
Fylkesrådmann

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift.

Mottakar(ar):

1. Hordaland fylkeskommune ved fylkesordførar
2. Møre og Romsdal fylkeskommune ved fylkesordførar
3. Rogaland fylkeskommune ved fylkesordførar

Kopi til:

1. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane

Vedlegg:

1. Kommunal- og moderniseringsdepartementet (02.07.15): «Invitasjon til å delta i reformprosessen».
2. Regionreforma – fylkesrådmannen si saksutgreiing til fylkestinget 09.12.2015.
3. KS/Jørgen Amdam (2015): «Opplegg for samtalar om regionalpolitisk reform».